



Havforskningsinstituttet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gry Walle, 5557 2332

Att.Solberg, Monica F.

Løyve til innsamling av pukkellaks i Matreelva - Havforskningsinstituttet

Havforskningsinstituttet får løyve til å fange pukkellaks i Matreelva i Masfjorden kommune i 2023. Løyvet er gjeve med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfisklova, og på vilkår.

Vi viser til søknad av 28. juni 2023.

Bakgrunn

Hjå oss er det i hovudsak oddetalsgenerasjonen av pukkellaks som har slått til, og vi ventar difor pukkellaks opp i vassdrag i Vestland i år.

Havforskningsinstituttet ønskjer å samle inn pukkellaks frå Matreelva, til bruk i deira forskingsaktivitet ved forskingsstasjonen i Matre. Pukkellaks skal i hovudsak fangast i live, og bli brukt som stamfisk ved anlegget.

Rettsleg utgangspunkt

Lakse- og innlandsfisklova

Føremålet med lova er å sikre at stammer av laksefisk og andre ferskvassorganismar og deira leveområde vert forvalta i samsvar med naturmangfaldlova. Når vi vurderer om det skal gjevast løyve til fiske av anadrom laksefisk, skjer det etter § 13 i lakse- og innlandsfisklova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.



Vår vurdering

Kunnskapsgrunnlaget etter § 8 i naturmangfaldlova omfattar informasjon frå søkjar, erfaring frå tidlegare år, kunnskap om status til laks og sjøaure i vassdraget (lakseregisteret, VRL osv. Vassdraget er ope for fiske etter laks og sjøaure. Stamma av sjøaure er vurdert til moderat tilstand¹.

Pukkellaks er ein framand uønskt art i Noreg, som potensielt kan påverke stammene av laks og sjøaure, og økosystema i vassdrag negativt. Overordna mål i Noreg er å fjerne så mykje pukkellaks som mogleg frå norske elvar².

Føremålet med fisket er å samle inn pukkellaks, og fisket blir tilpassa deretter, med dei metodar som passar best for føremålet. Fiskarane som deltek i fisket, skal ha god kunnskap om rett handtering av fisk. Etter vårt syn skal ikkje fisket slik det er planlagt, føre til vesentleg endringar i vassdraget. Fisket skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, vi meiner difor § 11 i naturmangfaldlova ikkje er relevant i denne saka.

Vedtak

Med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfisklova får Havforskningsinstituttet løyve til å fange inn pukkellaks i Matreelva. Løyvet gjeld ut 15. september 2023, og på følgjande vilkår:

1. Grunneigarar/fiskerettshavarar skal orienterast om fisket.
2. De kan fiske med stang, garn og harpun.
3. Blir det fanga rømt fisk, skal denne avlivast.
4. Fiskarar som deltek i fisket må ha gjennomført kurs/opplæring/ha kunnskap om korleis skilje artane/villfisk, og i rett handtering av fisk.
5. Fisket skal rapporterast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at fisket er avslutta. Bruk vedlagt skjema.
6. Ev. rømt fisk skal meldast til Fiskeridirektoratet på <https://www.fiskeridir.no/tips-oss>.
7. Løyvet skal vere med under fisket.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. reglane i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet om Statsforvaltaren ikkje tar klagen til følge.

Med helsing

Julie Marie Andersen
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 fangstskjema

¹ Vitenskapelig råd for lakseforvaltning

² Forslag til handlingsplan mot pukkellaks. Rapport M-2003, 2021. Miljødirektoratet.



Kopi til:

| | | | |
|--------------------------|-------------------------|------|-------------|
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |
| Masfjorden kommune | Austfjordvegen 2724 | 5981 | MASFJORDNES |
| Vest politidistrikt | Postboks 85 | 6901 | FLORØ |
| SNO v/Einar Vereide | | | |
| Matre Elvelag | | | |
| Havforskningsinstituttet | Postboks 1870 Nordnes | 5817 | BERGEN |